



Voss og omland LOP

Lokallag for: Aurland, Ulvik, Vaksdal og Voss



Bli med på innholdsrik dagstur til Osterøy 27. august 2026

EinAst Reiser AS inviterer medlemmer i LOP avdeling Voss, Forsvarsforeninga på Voss og andre interesserte på dagstur til Osterøy 27. august 2026.

Turen startar frå parkeringsplassen ved Park onsdag 27. august kl. 08.45 med eigen buss. Me køyrer nedover stamvegen og over brua til Osterøy. På turen vår vert Bernt Daltveit med som lokal guide.

Fyrste stoppen undervegs vert på Mjøsvågen Landhandleri der me får ein bolle og kaffi på brygga i Mjøsvågen.



Etter denne korte stoppen held me fram nokre minutt og stoppar på Norlender Knitwear AS, der me får høyra historia om bedrifta frå strikkemaskin i kjellaren på heimegarden til dagens moderne plagg. Det vert nok også høve til å handla litt...



Me held fram utover Osterøy til Tyssebotn, der me stopper på Tøsse Mølle, for omvising og kanskje ein smaksprøve på havregryna dei produserer her.



Etter ei god innføring i havregrynet si historie, held me fram så langt vegen går, og stoppar på Kleiveland Gard.

Her får me ei utførlig historie korleis laksefisket gjekk føre seg i gamledagar i Osterfjorden med giljer og sitjenot, film og foredrag.



Vertskapet på Kleiveland gard serverer oss ein flott lunsj, med kaffi og kake til dessert.

Det byrjar lakke utpå ettermiddag, og det er på tide å starta på vegen heim til Voss.

Me køyrer attende langs fjorden, men tek av mot Valestrandsfossen for å ta ferja over til Breistein. Her held me fram oppover stamvegen attende til Voss om lag kl. 19.00

Pris for heile turen inklusiv kaffi/bolle, lunsj, omvisingar, buss og ferje vert kr. 1.500,- pr. person.

Medlemmer i LOP avd. Voss og Omland får dekt kr. 300 av turen frå laget, så desse betalar kr. 1.200.

Me kan maksimalt kan vere 40 personar på turen, slik at det er lurt å vere kjapp med påmeldinga.

Eventuell alkohol til maten betaler ein sjølve.

Påmelding innan søndag 2. august (men gjerne så raskt som råd) på mail til einar@eareiser.no eller på telefon/SMS til 913 28 768. Sjå avbestillingsreglar i vedlegg.

Har du eventuelle allergiar me må ta omsyn til ved måltida, gje melding om dette ved påmeldinga. Faktura for turen vert sendt ut i ettertid.

Beste helsing

Voss og omland LOP

Astrid Holtekjølen

EinAst Reiser AS

Einar Larsen